**PROTOKOLL**
**ÅRSMØTET I OLAV SLETTO-SELSKAPET,**
**FREDAG 6. APRIL 2018 KL. 1800 – inntil 2130**
**VIKA VELFERDSSENTER, HOL**

| | | |
|---|---|---|
| 1. | **Årsmøtesaker -** saker til årsmøtet må vera meldt til styret **seinast 16. mars 2018.** | **Vedtak/oppfølging/ansvar** Ei sak kom inn. Sjå pkt.9 |
| 2. | Val av ordstyrar. | Eva Almhjell vart vald. |
| 3. | Opptelling av talet på møtedeltakarar med stemmerett og fullmakter. | 18 medlemmer med stemmerett tilstades. |
| 4. | Godkjenning av innkalling og saksliste. | Ingen merknader. Innkalling og saksliste godkjent av årmøtet. |
| 5. | Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen. | Sverre Sataøen og Gunnveig Nerol valde til å underteikne protokoll. |
| 6. | Årsmelding 1.1.2017 - 31.12.2017 – vart delt ut i møtet, og er publisert på www.olavslettoselskapet.no etter årsmøtet. | Eva Almhjell las opp årsmeldinga. Årsmøtet godkjente årsmelding 2017. Årsmøtet var nøgd. |
| 7. | Årsrekneskap 2017 – vart omdelt i møtet. | Rekneskapen omdelt. Ola Ruud gjennomgikk den. Økonomien tilfredsstillande. Årsmøtet godkjente rekne-skapen 2017. Årsmøtet var nøgd. |
| 8. | Årshefte 2018 - blir omdelt i møtet. | Årsheftet vart omdelt. Årsmøtet var sers nøgd med Årsheftet 2018. |
| 9. | Innkomne forslag: Det kom eit forslag frå styret (innan fristen) om endring av §§ 6 og 7, dvs. å gå frå to til ein revisor. Grunngjeving: Revisorane, Rangdi Skorge og Borgny Thorsrud, er på val og tek ikkje attval dette året. Styret har fått vita at vi treng berre ein revisor, og legg fram forslag for årsmøtet om å endre relevante §§ i vedtektene etter dette. Sjå protokollen s. 2. | Årsmøtet vedtok dei av styret framlagte endringsforslag til vedtektenes §§ 6 og 7. Det vil si at talet på revisorar blir reduserer frå to til ein. Sjå ny tekst s. 2 i protokollen. |
| 10. | Val – innstilling frå valnemnda | Brit Kaupang la fram innstilling frå valnemnda. |

Samansetninga 2017 har vore:

| **Funksjon** | **Namn** | **Valperiode** |
|---|---|---|
| Leiar | Eva Almhjell | 2017 - 2019 |
| Nestleiar | Grethe Larsgard Rudningen | 2017 - 2019 |
| Styremedlem | Margarethe L'orange<br>På val – tek attval. | 2016 – 2018 |
| Styremedlem | Maria Søndrål<br>På val – tek ikkje attval. | 2016 – 2018 |
| Styremedlem | Inger Grostølen | 2017 - 2019 |
| Varamedlemmer | Turid Birgit Lien | 2017 - 2019 |
| | Kjell Snerte | 2017 - 2019 |
| | Per Lilleslett<br>På val – tek ikkje attval. | 2016 – 2018 |
| Valnemnd: | Brit Kaupang<br>På val – tek ikkje attval. | 2016 – 2018 |
| | Oddvar Reinton | 2017 – 2019 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Revisorar: | Borgny Thorsrud<br>På val – tek ikkje attval. | 2016 – 2018 | |
| | Rangdi Skorve<br>På val – tek ikkje attval. | 2016 – 2018 | |

Valnemdas innstilling:
Maria Søndrål blir avløyst av Eva-Charlotte Mørk som medlem i styret.
Etter Per Lilleslett kjem Olav O. Randen inn som varamedlem.
Dei to revisorane blir erstatta av ein, Oliv Bakkeplass,
jf. ny ordlyd i §§ 6 og 7.
Styremedlem Margarethe L'orange tek attval.

*Årsmøtet vedtok valnemndas innstilling einstemmig.*

I valnemnda blir Brit Kaupang, etter framlegg frå leiar (i samråd med styret) avløyst av Liv Marit Dalen Goldstein.

Frå 6.4.2018 er samansetninga av styret mv. slik:

*Årsmøtet vedtok einstemmig Liv Marit Dalen Goldstein som nytt medlem i valnemnda.*

| **Funksjon** | **Namn** | **Valperiode** |
|---|---|---|
| Leiar | Eva Almhjell | 2017 - 2019 |
| Nestleiar | Grethe Larsgard Rudningen | 2017 - 2019 |
| Styremedlem | Margarethe L'orange | 2018 – 2020 |
| Styremedlem | Eva-Charlotte Mørk | 2018 – 2020 |
| Styremedlem | Inger Grostølen | 2017 - 2019 |
| Varamedlemmer | Turid Birgit Lien | 2017 - 2019 |
| | Kjell Snerte | 2017 - 2019 |
| | Olav O. Randen | 2018 – 2020 |
| Valnemnd: | Liv Marit Dalen Goldstein | 2018 – 2020 |
| | Oddvar Reinton | 2017 – 2019 |
| Revisor: | Oliv Bakkeplass | 2018 – 2020 |
| Kasserar: | Ola Ruud (ikkje med i styret) | |

*Leiaren takka valnemnda for godt arbeid, og same dei som gjekk av. Ho ynskte dei nye i Olav Sletto-selskapets styre og stell hjartans velkomne, og såg fram til spennande samarbeid med alle i tida frametter.
Kasseraren ein serleg takk.
Gaveutdeling.
Takk også til gave frå Anna Lilleslett.*

## Styret gjer framlegg om endringar i vedtektene § 6 og § 7:

Noverande formulering:
**§ 6. REVISJON.**
Rekneskapen skal reviderast av to revisorar valde av årsmøtet. Revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet.

**Ny tekst:**
**§ 6. REVISJON.**
Rekneskapen skal reviderast av revisor vald av årsmøtet. Revidert rekneskap skal leggjast fram for årsmøtet.

Noverande formulering:
**§ 7. ÅRSMØTET.**
Årsmøtet skal haldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan og vedtektsendringar. Årsmøtet vel styremedlemmer, leiar og revisorar. Styret konstituerer ellers seg sjølv. Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende 3 veker før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.

**Ny tekst:**
**§ 7. ÅRSMØTET.**
Årsmøtet skal haldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan og vedtektsendringar. Årsmøtet vel styremedlemmer, leiar og revisor. Styret konstituerer ellers seg sjølv. Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende 3 veker før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.

Hol, 19. april 2018

Gunnveig Nerol
Gunnveig Nerol

Sverre Sataøen
Sverre Sataøen